



SYKKYLVEN KOMMUNE
KOMMUNEPLAN 2013 – 2025
AREALDELEN

**Konsekvensutgreiing av
nye utbyggingsområde**

Vedtak Sykkylven kommunestyre 27.05.2013
PlanID 15202013002

INNHOLD

| | |
|---|-----------|
| 1. INNLEIING | 3 |
| 2. VURDERINGSMETODE | 4 |
| 2.1. VURDERINGSKRITERIUM | 4 |
| 2.1.1. <i>Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk</i> | 4 |
| 2.1.2. <i>Samfunnstryggleik</i> | 4 |
| 2.1.3. <i>Forureining og støy</i> | 5 |
| 2.1.4. <i>Barn og unge sine oppvekstvilkår</i> | 5 |
| 2.1.5. <i>Friluftsliv</i> | 6 |
| 2.1.6. <i>Naturmangfald</i> | 6 |
| 2.1.7. <i>Kulturminne og kulturmiljø</i> | 6 |
| 2.1.8. <i>Jordvern og kulturlandskap</i> | 6 |
| 2.1.9. <i>Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelvegnett</i> | 7 |
| 2.1.10. <i>Sol, lokalklima, utsikt</i> | 7 |
| 2.2. VERDISETTING | 8 |
| 2.3. DATAKJELDER – TEMA KART | 8 |
| 3. OVERSIKT OVER VURDERTE AREAL | 9 |
| 3.1. VURDERING - BUSTADOMRÅDE..... | 11 |
| 3.2. VURDERING – FRITIDSBUSETNAD | 20 |
| 3.3. VURDERING – RÅSTOFFUTVINNING | 27 |
| 3.4. VURDERING – NÆRINGSAREAL | 30 |
| 3.5. VURDERING - NAUST | 33 |
| 3.6. VURDERING - SAMLEVEGAR | 40 |
| 3.7. VURDERING - SPREIDD BUSETNAD..... | 42 |
| 3.8. VURDERING - SMÅBÅTHAMN | 68 |
| 4. KJELDER | 70 |
| 5. VEDLEGG | 71 |

Vedlegg A: Vurdering av avslåtte innspel til utbygging

Vedlegg B: Temakart - Kjerneområde landbruk

Vedlegg C: ROS - analyse for Sykkylven kommune 2009

1. Innleiing

Byggeareal

Forskrift om konsekvensutgreiingar og planlegging etter plan- og bygningslova fastset at det skal gje rast ei konsekvensutgreiing (KU) for alle utbyggingstiltak som vert foreslått i arealdelen til kommuneplanen.

KU er eit planverkty for å fremje ei utvikling som oppfyller aktuelle behov utan å øydeleggje mulehei ter for komande generasjonar. Difor er KU sitt formål å sikre at omsynet til miljø, naturressursar og samfunn vert vurdert i planprosessen. KU skal leggast ut til offentleg ettersyn saman med planforslaget.

KU er gjort utifrå eksisterande kunnskap. I planprosessen er det utarbeidd ulike temakart som er nytta i samband med vurderingane. Nokre av desse temakarta er resultatet av kartleggingar som vart gjennomført i samband med rulleringa av planen.

Ein del av registreringane er grovmaska og vil krevje meir detaljerte undersøkingar ved detaljregulering.

KU viser berre konsekvensane av dei nye utbyggingsområda i planforslaget til kommuneplanen. Dei innspela som ikkje er lagt inn i planforslaget er vurdert i vedlegg A. Her er det brukt same vurderingsmetodikken som i KU.

Spreidd busetnad

I KU er det også teke med landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF) for spreidd utbygging.

Dette er areal som ikkje er konsekvensvurdert på same måte som vanleg byggeareal. Ein veit ikkje eksakt kvar eit nytt bygg vil kome. I KU er desse områda derfor gitt ei meir generell vurdering innanfor kvart tema.

Innanfor områda er det sett eit tak på tal nybygg i planperioden. Omfanget er sett utifrå ei vurdering av områdestørleik, eksisterande busetnad, tilgang på andre tomter i krinsen, faktorar som kjerneområde landbruk, naturtilhøve, mm.

Gjennom planføresegne gir ein føringar som sikrar at viktige ålmenne verdiar vert ivaretakne.

2. Vurderingsmetode

2.1. Vurderingskriterium

Rammene for kommuneplanarbeidet er fastsett i planprogrammet (PP) som vart vedteke av nærings- og utviklingsutvalet (NU) 28.02.07 (NU - sak 12/07).

Kriterium for KU er henta frå forskrift om konsekvensutgreiingar (FOR 2009-06-26 nr 855).

KLIMA OG ENERGI

2.1.1. Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk

Statleg planretningslinje for klima- og energiplanlegging (04.09.2009) har som mål å sikre at kommunane går føre i arbeidet med å redusere klimagassutslepp og å sikre meir effektiv energibruk og miljøvennleg energiomlegging i kommunane.

Syklyven kommune har utarbeidd eigen klimaplan gjennom eit regionalt samarbeid i regi av Ålesundsregionens Utviklingskontor. Planen vart vedteken i 2010.

Rikspolitiske retningsliner for samordna areal- og transportplanlegging (T-1057) har som målsetjing at transportbehovet skal minimerast gjennom god arealplanlegging. Dette kan gjerast ved å legge til rette for at folk kan bu der det er kort avstand til daglege gjeremål. På den måten reduserer ein den interne trafikken i kommunen og dermed dei negative konsekvensar dette har for klima, tryggleik og vedlikehaldskostnader.

Ved vurdering i kva grad nye utbyggingar vil føre til av auka trafikk, er det lagt vekt på avstand mellom bustadområde, sentrumsfunksjonar, skule og arbeidsplassar.

I kommuneplanen er det lagt til grunn at inntil 40% av ny busetnad skal kunne skje innanfor planområdet. Dette har samanheng med prioritering av spreidd busetnad i planprogrammet, og eit ønske om å stimulere til meir differensiert tomtetilbod og auka busetnad i heile kommunen.

Generelt vert det lagt til grunn at Syklyven kommune er ein liten kommune med korte avstandar. Køyretid sentrum – utkant er stort sett under 15 minutt.

FOLKEHELSE

Overordna målet i *St.meld. nr. 16 (2002-2003) Resept for et sunnere Norge* er fleire år med god helse i befolkninga som heilskap.

Kommunen skal arbeide for å fremje folkehelse og bidra til å sikre befolkninga mot faktorar i miljøet som kan ha negativ påverknad på helse.

Ulukkesførebygging, sosiale miljøfaktorar og omgjevnadshygiene dannar utgangspunktet for arbeidet med miljøretta helsevern i plan- og bygningslova.

Under fleire forskjellige vurderingskriterium vert det sett på konsekvensar for folkehelse. Difor er helsevern ikkje ført opp som eige kriterium i KU. På denne måten vert det unngått å verdsetje konsekvensar for like interesser fleire gongar.

Følgjande kriterium omfattar vurdering av folkehelse:

- Samfunnstryggleik (ulukkesførebygging)
- Friluftsliv (sosiale miljøfaktorar og tilgang på natur – og grøntområde)
- Støy og forureining (negative miljøfaktorar av biologisk, eller kjemisk art)

2.1.2. Samfunnstryggleik

Det er eit kommunalt ansvar å syte for at nye tiltak ikkje vert plassert slik at menneske eller materielle verdiar vert utsett for fare. I den samanheng er det viktig å unngå utbygging i område som kan vere utsett for ras, flaum eller andre natur- og menneskeskapte risikotilhøve.

Syklyven kommune gjennomførte vinteren 08/09 ei grovkartlegging av risiko- og sårbarheit. Direktoratet for sikkerhet og beredskap (DSB) sine malar for ROS - analyse vart nytta.

Kartlegginga er ei grovanalyse der eksisterande kunnskap frå mange ulike kjelder er samla og kartfesta. Det er laga temakart som syner naturrisiko, verksemderisiko (menneskeskapt), beredskapstilhøve og sårbare objekt (vedlegg C).

For flodbølgje frå ras i Åkneset er dei nyaste utrekningane lagt til grunn (Åknes Rapport 01 2010).

Tabellen under syner utrekna oppskyllingshøgde ulike stader i kommunen ved to ulike ras-storleikar, Medrekna 0,7 m havnivåstigning:

| Område | Åknes 1C 54 mill m ³ Sannsynlegheit $<10^{-3}$ | Åknes 2B 18 mill m ³ Sansynlegheit 10^{-3} |
|----------------|--|--|
| Ramstadvika | 3 m | 2 m |
| Sykylvsfjorden | 4 m | 2 m |
| Hundeidvik | 2 m | 1 m |

Kjelde: Åknes Rapport 01 2010, rev. 01.

Basert på desse vert nye faresoner sett til inntil 2 m for bygg i sikkerhetsklasse 2, og 4 m bygg i sikkerhetsklasse 3. (jf. ny byggeteknisk forskrift (FOR 2010-03-26 nr 489), samt *ROS-analysen pkt.1 Naturrisiko, pkt. Flodbølgje (ras frå Åknes)*). Eksakt faregrense må fastsetjast i kvart enkelt byggeprosjekt utifrå detaljerte utrekningar som ligg føre frå Åknes - prosjektet.

Utbygging innanfor faresoner må dokumentere tiltak som stettar krava sett i ny byggeteknisk forskrift, § 7-4. Dette er innarbeidd i føresegne til planen. Redusert fareområde gjer at det kun er mindre område som vert berørt av dette kravet no. Samstundes vert kravet til førebyggande tiltak av teknisk art forenkla ved at oppskyllinghøgda er redusert.

Samla sett tilseier dette at planlagt arealbruk i stor grad vil kunne gjennomførast.

Der utbyggingsplanar kjem i konflikt med kartlagt risiko, må nærmere undersøkingar gjerast for å avklare faktisk risiko for det enkelte byggjeprosjekt, ev. utgreiing av avbøtande tiltak som kan sikre planlagt utbygging.

Ved utrekning av oppskyllingshøgder er det teke omsyn til forventa havnivåstigning dei neste 100 åra. (NGI-rapport Åknes/tafjord-prosjekt 20051018-00-1-R, revidert 21.02.2011).

2.1.3. Forureining og støy

Jf. St.meld. nr. 26 (2006-2007) *Regjeringens miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* skal spreieing av miljøgifter frå forureina grunn stansast eller reduserast vesentlig. Dessutan skal lokal luftforureining førebyggast og reduserast.

Forureining er vurdert på to måtar:

- om eit føreslått byggetiltak vil føre til forureining
- om eit område med forureina grunn er tenkt bruk til byggeføremål

Langsiktig arealplanlegging som førebygg støy, er det mest kostnadseffektive tiltaket for å redusere støyplager, jf. statens *handlingsplan for støy 2007-2011*.

For nye bygeområde er konsekvensane vurdert utifrå kva grad utbygging vil medføre sjenerande støy og i kva grad utbygging vil verte utsett for støy frå eksisterande støykjelder.

2.1.4. Barn og unge sine oppvekstvilkår

Rikspolitiske retningslinjer for barn og unge seier at det ved bustader, skular og barnehagar skal vere god tilkomst til variert og samanhengande grønstruktur med samband til omkringliggjande naturområde. Areal som vert brukt av barn og unge, skal vere sikra mot m.a. forureining, støy og trafikkfare. Ved vurdering av nemnte konsekvensar, er det særskilt lagt vekt på trafikktryggleik.

Utbygging som kjem i konflikt med areal brukt av barn slik dei er komne fram i barnetrakkregistera frå 2007, får negativ verdi.

2.1.5. Friluftsliv

Område av verdi for friluftslivet skal sikrast slik at miljøvennlig ferdslle, opphold og hausting vert fremja og naturgrunnlaget bevart (*St. meld. nr 26 2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*).

Under punktet "Friluftsliv" er det vurdert om utbyggingstiltaket vil redusere viktige friluftsområde. Dersom det er forslag om bustadområde, vil det i tillegg bli vurdert om tilgangen til gode rekreasjonsområde er tilfredsstillende.

MILJØ

2.1.6. Naturmangfold

Kommunen har ansvar for å ta vare på viktige naturressursar, naturtypar og artar. *St. meld. Nr 26 (2006-07) Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand* har som målsetjing at gjennom bevisst planlegging skal naturgrunnlag og biologisk mangfold sikrast og takast vare på for komande generasjonar. Det gjeld føre-var-prinsippet. I KU er det i størst muleg grad søkt om å ta vare på viktige naturverdiar.

Kartlegging av biologisk mangfold (Sykkylven kommune 2003), kartlegging av inngrepstilfelle naturområde i Noreg (INON), registreringar i Naturbasen (DN) er lagt til grunn for vurderingane. Sykkylven kommune har ikkje fullstendige miljøregistreringar i skog (MIS).

2.1.7. Kulturminne og kulturmiljø

"Kulturminner og kulturmiljøer med deres egenart og variasjon skal vernes både som del av vår kulturarv og identitet og som ledd i en helhetlig miljø- og ressursforvaltning.

Det er et nasjonalt ansvar å ivareta disse ressurser som vitenskapelig kildemateriale og som varig grunnlag for nålevende og fremtidige generasjoners opplevelse, selvforsråelse, trivsel og virksomhet." (Kulturminnelova § 1)

Automatisk freda kulturminne er registrert i Riksantikvaren sine databasar. SEFRAK - registeret gir oss oversikt over historisk verdifulle bygningar i kommunen. Begge kartleggingane er brukt som vurderingsgrunnlag.

2.1.8. Jordvern og kulturlandskap

Regjeringa har sett som mål at årleg omdisponering av dei mest verdifulle jordressursane skal halverast innan 2010 (*St. meld. nr 26 -2006-07 Regjeringas miljøpolitikk og rikets miljøtilstand*).

Vidare skal kulturlandskapet forvaltast slik at kulturhistoriske og estetiske verdiar, biologisk mangfold og tilgang vert oppretthalde.

Konsekvensvurderinga for landbruk og kulturlandskap tek utgangspunkt i registreringa av kjerneområde landbruk (vedlegg B).

Kjerneområde landbruk består av to typar areal:

- 1 - verdifulle areal til matproduksjon
- 2 - verdifulle landbruksprega kulturlandskap

Omdisponering av areal innanfor kategori 1 vert vurdert som svært negativt.

Omdisponering av areal innanfor kategori 2 vert ikkje vurdert som negativt, men stiller krav til terrengetilpassing og tilpassing til eksisterande landbruksdrift.

LOKALE TILHØVE

2.1.9. Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelvegnett

Det er bygd ut eit omfattande kommunalt vatn- og avløpsnett i kommunen. I tillegg finst det fleire større private vassforsyningasanlegg. Det er ei målsetting å nytte eksisterande investeringar best muleg ved nybygging.

Avstand til offentleg eller privat vassverk har også eit tryggleiksmoment, då det gir betre tilgang på sløkkjevatn ved brann. Sløkkjevasskapasiteten er kartlagt i ROS - analysen for kommunen.

Nærleik til offentleg vatn- og avløpsleidning vert ut frå desse grunnane, vurdert som positivt.

Det vert også vurdert som positivt dersom eit foreslått tiltak ligg nær offentleg køyre-, gang- og sykkelvegnettet.

2.1.10. Sol, lokalklima, utsikt

I tråd med PP sin visjon at "*folk får lyst til å bygge og bu i kommunen*" er det ei målsetjing for arealplanarbeidet å legge til rette for varierte og attraktive bustadtilbod. Alle forslag til bustadområde er det difor vurdert i kva grad desse vil verte attraktive tomter. Dette er meir skjønnmessig vurdering ut frå soltilhøve, lokalklima og utsikt.

2.2. Verdisetting

Ut frå kriteria som er presentert ovanfor er det gjort ei forenkla konsekvensvurdering av alle nye utbyggingsområde.

Konsekvensar er vurdert i høve til dei fastsette kriteria. Vurdering vert delt inn i:

- +: Positive konsekvensar
- 0: Ingen vesentlege konsekvensar
- : Negative konsekvensar

Konsekvensane kan ikkje summerast matematisk, men synleggjer konsekvensane av tiltaket for dei ulike tema.

Om konsekvensar for eitt vurderingskriterium er så negative at ei utbygging er vurdert som uakseptabel uavhengig av konsekvensar for andre kriterium, vert utbygging ikkje tilrådd.

Omgrepet "uakseptable negative konsekvensar" inneber m.a.o. at dei negative konsekvensane er så vesentlege at dei ikkje løftar seg vege opp for andre positive konsekvensar, eller at umepper ikkje løftar seg minimere gjennom avbøtande tiltak.

Verdien 0 er brukt der tiltaket vert vurdert til ikkje å ha vesentlege konsekvensar for omgjevnadene.

Nedst i tabellen er det ført opp mulege avbøtande tiltak. Sist er det gitt ein konklusjon på bakgrunn av konsekvensar og avbøtande tiltak.

Mulege avbøtande tiltak kan vere lagt inn som ein føresetnad for utbygging.

Område for spreidd busetnad får ei litt anna vurdering enn bustad- og næringsområde. Særleg områda for spreidd busetnad omfattar areal med svært ulike kvalitetar. Gjennom føresegne er det sagt kva retningslinjer som gjeld innanfor desse områda. Ei grundig vurdering må gjerast i kvart enkelt byggeprosjekt.

2.3. Datakjelder – Temakart

Kunnskap om planfagleg relevante tilhøve er i størst muleg grad henta frå sentrale datakjelder. Dette for å vere sikra til ei kvar tid oppdaterte data.

I planarbeidet er det prioritert å nytte slike sentrale tematiske kartbasar. Karttenesta GISLiNK.no er brukt som grunnlag for framstilling av alle foreslalte utbyggingsområde. I staden for utarbeiding av eigne papirbaserte temakart til friluftsliv, kulturminne, SEFRAK-bygg og naturmangfold, viser dei kartutsnitta i dei vurderingstabellane under kapittel 3, alle relevante interessene i eit framtidig utbyggingsområde.

I tillegg er det brukt lokale datakjelder som biologisk mangfold-registrering (2004), barnetrakkregistrering (2007), kjerneområde landbruk (2007) samt risiko- og sårbarheitsanalyse (2009).

Temakart til kjerneområde landbruk (vedlegg B) og til ROS-analysen(vedlegg C) er lagt ved KU som eige dokument.

ROS-analysen er brukt som eit viktig vurderingsgrunnlag i planarbeidet. Oppdaterte opplysningar er nytta der det ligg føre. Dette gjeld særleg risiko for steinsprang, snøskred og oppskyllingshøgder frå flodbølgje frå Åknes-ras.

3. Oversikt over nye areal

Tabellen omfattar alle nye område for framtidig utbygging. Forslagsstillarane er dels private, dels politisk/administrativt ut frå tidlegare vedtak, diskusjonar og innspel i politiske utval tidlegare i prosessen.

Dei avslatte områda er vurdert i eit eige dokument (sjå vedlegg A).

| Nr. | Område | Gnr./bnr. | Forslagsstillar | Areal (daa) |
|---|---|--------------------------|---|-------------|
| BUSTADOMRÅDE (PBL § 11-7, pkt. 1) | | | | |
| BU 2 | Tu/Svarterebekk | 47/2, 47/1, 47/4, 48/4 | Edvin Meyer Johansen, Oddvar Brunstad | 115 |
| BU 5 | Kurset | 50/23, 50/24 | Einar Bueide, sameiget Jomarka v/ Lillian Kurseth | 10 |
| BU 7 | Kursetgjerde | 51/7, 51/1, 50/1, 50/12 | Sølvi Kursetgjerde m fl. | 34 |
| BU 8 | Brunstad II | 32/1 | Velledalen i Balanse | 15 |
| BU 9 | Gjevenes/Hundeidvik | 56/3, 57/2, 57/5 | Bastian Hundeide, Gjermund Garli | 21 |
| BU 10 | Hundeidvik | 54/21, 54/32 | Helge Overå, Tore Utgård | 10 |
| Totalsum av framtidig bustadareal: 205 | | | | |
| FRITIDSBUSETNAD (PBL § 11-7, pkt. 1) | | | | |
| FB 1 | Kurset | 50/23, 50/24 | Einar Bueide, sameiget Jomarka v/ Lillian Kurseth | 16 |
| FB 2 | Klokke | 65/33 | Nils Gunnar Brunstad | 40 |
| FB 3 | Gjevenes | 57/2 | Gjermund Garli | 2 |
| FB 4 | Hundeidvik | 54/21, 54/32 | Helge Overå, Tore Utgård | 3 |
| FB 5 | Gimsdalen | 15/1-3, 16/1, 17/1,3-7,9 | Vikedalen grunneigarlag v/ Bård Myhre | 50 |
| Totalsum av framtidig fritidsbusetnad: 111 | | | | |
| RÅSTOFFUTVINNING (PBL § 11-7, pkt. 1) | | | | |
| R 1 | Steinbrot Andestad <i>Ikkje godkjent jfr. mekling, men ope for ny vurdering.</i> | 10/2 | Brødrene Haugseth AS | 27 |
| R 3 | Steinbrot Hundeidvik | 55/1, 2, 3, 5, 9 | Huna Sand AS | 84 |
| Totalsum av framtidig råstoffutvinning: 84 | | | | |
| NÆRINGSAREAL (PBL § 11-7, pkt. 1) | | | | |
| N 1 | Tregardane Industri | 26/8, 26/15 | Velledalen i Balanse | 17 |
| N 2 | Hundeidvik | 53/2 | Arild Myrseth | 6 |
| Totalsum av framtidig næringsareal: 23 | | | | |
| NAUST (PBL § 11-7, pkt. 1) | | | | |
| NA 1 | Hundeide | 56/2,16-18 og 57/27 | Bastian Hundeide | 3 |
| NA 2 | Hundeidvik | 54/21,32 | Helge Overå, Tore Utgård | 3 |
| NA 4 | Riksem | 36/2 | Leif Johan Tusvik | 3 |
| NA 5 | Ramstaddal | eigarlaus | Kommune | 2 |
| NA 6 | Kurset | 50/23, 50/24 | Einar Bueide, sameiget Jomarka v/ Lillian Kurseth | 4 |
| Totalsum av framtidig naustareal: 15 | | | | |

SAMLEVEGAR (PBL § 11-7, pkt.2)

| | | | |
|-----|--------|--|--------|
| V 1 | Kurset | | 1,3 km |
|-----|--------|--|--------|

Spreidd busetnad

For å legge til rette for auka busetnad og auka attraktivitet i heile kommunen er det lagt inn 10 område for spreidd busetnad.

Innanfor SB 9 skal det vere tillate både bygging av bustadhus og fritidshus.

| Nr. | Område | Gnr./bnr. | Forslagsstillar | Areal (daa) |
|-----|--------|-----------|-----------------|-------------|
|-----|--------|-----------|-----------------|-------------|

SPREIDD BUSETNAD (PBL § 11-7, pkt. 5)

| | | | | |
|-------|------------|--|---|-------|
| SB 1 | Hundeidvik | | | 100 |
| SB 3 | Erstad | | | 340 |
| SB 8 | Søvikdal | | | 590 |
| SB 9 | Ramstaddal | | | 2 290 |
| SB 10 | Riksheim | | | 340 |
| SB 11 | Gjevenes | | | 150 |
| SB12 | Utgård | | | 50 |
| SB13 | Grønhaugen | | | 35 |
| SB14 | Våtmyr | | | 21 |
| SB15 | Brunstad | | Kan først takast i bruk etter at SB16 er fyllt opp | 18 |
| SB16 | Kolda | | | 45 |
| SB18 | Hole | | | 50 |

Totalsum av framtidig spreidd bustadareal: 4 029

SMÅBÅTHAMN (PBL § 11-7, pkt. 6)

| | | | | |
|------|----------|------|------------------|---|
| SH 1 | Gjevenes | 56/2 | Bastian Hundeide | 6 |
|------|----------|------|------------------|---|

3.1. Vurdering - Bustadområde


BU 2 (inkl. tidlegare BU4) Tu/Svartebekk **Edvin Meyer Johansen, Oddvar Brunstad**

Eigedom: 47/2, 47/1, 47/4, 48/4

Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF - 3 daa dyrka jord, skog/myr

Planlagt ny arealbruk: Bustad

Areal: ca. 115 daa



| Tema | Vurdering | Konsvens |
|---|---|----------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | <p>Mest bilbasert persontrafikk. Ev. betre kollektivtilbod muleg ved høg utnytting av arealet.</p> <p>Utbygging av heile området føreset ny veg Svartebekk – Tuskogen (6-700m). Vil gi under 1 km til barnehage, langs noverande veg 2-3 km. 6 km til skule og butikk i Hundeidvik. 7,5 km til andre sentrumsfunksjonar.</p> <p>Ny veg gir også betre situasjon for eks. bustader vest for Tuvatnet. Betre vegstandard og mindre bilkjøring vest og sør for Tuvatnet gir tryggare veg og lågare energiforbruk.</p> <p>BU 2 er nær eksisterande byggefelt.</p> | - |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Eit mindre areal langs Svartebekken registrert som muleg flaumsonne, elles ligg arealet høgare enn elva. Ikke rasfare eller anna naturrisiko registrert i område, men innanfor eit større område med stor avstand til sløkkevatn, jf. ROS-analyse. Tilfredsstillande sløkkevatn må etablerast ved utbygging. | - |
| Støy og forureining | Delar av arealet nærmast fylkesvegen vil kunne vere støysett. Lokal høgspent (22kV) går gjennom området. Avstandskrav minimum 20 m. Ingen andre registrert forureining i området. | + |
| Friuftsliv | Nær opparbeidd turveg rundt Tuvatnet. Avstandskrav sikrar | |

| | | |
|--|---|---|
| | turvegen. Byggeområde berører ikkje reg. friluftsområde. Gode mulegheiter for friluftsliv heile året. Området ligg like ved Hovdåsen som er eit mykje nytta turområde. Badeplass og fiskeplasser i Tuvatnet. Innanfor 1-2 km er det tilgang på attraktiv strandsone høveleg for eit variert friuftsliv. Nær turløypenett mellom Hundeide og Ekornes (kan syklast i sommarhalvåret) og nær golfbane på Kolda. | + |
| Barn og unge | Gangveg/turveg rundt vatnet til barnehagen og ned til Svar-tebekk. Gode mulegheiter for leik, ballplass ved barnehagen. Ikkje konflikt med barnetrakkregistrering. | + |
| MILJØ | | |
| Naturmangfald | Området kring Tuvatnet er registrert som viktig biologisk mangfald, samt viktig for rekreasjon/friluftsliv gjennom opp-arbeida tursti rundt vatnet. BU2 ligg utanfor dette området. | 0 |
| Kulturminne og kul-turmiljø | Ikkje registrerte kulturminner i området. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Utanfor kjerneområde landbruk. Ikkje i konflikt med eksisterande landbruksdrift i området. Mest myr/skog. Passer godt inn i landskapet. Bryter ikkje med viktige landskapselement. Skaper sam-binding mellom eks. utbygging i Tuskogen og Svartebekk. | + |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Ny tilkomst frå fylkesvegen må etablerast. Avløpsanlegg kan ev. knytast til byggefelt i Tuskogen, men vil krevje pumping. Alternativt er etablering av nytt off. avløpsanlegg i området samordna med eksisterande busetnad på Svartebekk. Gang-/sykkelveg etablert frå Tuskogen til barnehage med ballplass. | - |
| Sol, lokalklima, utsikt | Nordvestvendt. Utsikt, lyst middels solrikt. Høveleg helling. | + |
| <p>Avbøtande tiltak: I samband med utbygging må tilfredstillande sløkkevatn etablerast. Ved detaljregulering skal regulert bustadområde ha ein minste avstand til fylkesveg på min. 50, jfr. krav frå Statens vegvesen.</p> <p>Konklusjon: Området har mange positive verdiar som bustadområde. Mulege konfliktar er få, og kan avbøtast med ev. skjerming mot veg. Området vert tilrådd lagt ut som byggeområde med krav om ny tilkomstveg.</p> | | |


BU 5 Kurset Einar Bueide, sameiget Jomarka v/ Lillian Kurseth

Eigedom: 50/23 og 50/24 (utviding mot sør etter 1. høyring)

Planstatus/gjeldende arealbruk: LNF – skog/beitemark

Planlagt ny arealbruk: Bustad

Areal: 10 daa (redusert jfr. resultat imekling hos fylkesmannen 15.03.2013 – del av 50/24 mot aust går ut)

**TEIKNFORKLARING**

- Ingen registrering



| Tema | Vurdering | Konsekvens |
|---|--|------------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | I hovedsak bilbasert transport. Under 2 km til skule og butikk. Vegløsing til kommuneveg i vestenden av feltet. Fortetting av eks. busetnad. | + |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | ROS-analysen syner stor avstand til sløkkevatn, elles ingen kjente risikotilhøve. | 0 |
| Støy og forureining | Ikkje kjende registreringar. Lite trafikk. | + |
| Friluftsliv | Berører ikkje registrert viktige friluftsområde. Gode mulegheiter sjø/skog/fjell. Nær attraktivt strandområde frå Vellingneset mot Svartebekk, turområde i Hovdåsen, god tilkomst til sjø. | + |
| Barn og unge | Ikkje registrert viktige verdiar. | 0 |
| MILJØ | | |
| Naturmangfold | Ikkje registrert viktige verdiar. Eksisterande spreidd busetnad i området. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrerte funn i området. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Utanfor kjerneområde landbruk. Svak landbruksdrift i området. Ikkje neg. konsekvensar. Samordning med eks. spreidd busetnad. Bryter ikkje vesentleg med eks. utbygging. | + |

| | | |
|---|--|---|
| | | |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Ikkje off. v/a-nett. Privat felles vassverk. Ca. 125 m til god sjøresipient. Ikkje g/s-veg, men liten trafikk. | 0 |
| Sol, lokalklima, utsikt | Vestvendt, solrikt, god utsikt. | + |
| Avbøtande tiltak: Krav om detaljregulering. | | |
| Konklusjon: Eit mindre felt, som vil kunne tilpassast eksisterande spreidd busetnad på ein positiv måte. Området blir tatt inn i plan. | | |

| BU 7 Kursetgjerde Sølv Kurseth m.f. Eigedom: 51/7, 51/1, 50/1, 50/12 Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF – skog Planlagt ny arealbruk: Bustad Areal: ca. 34 daa | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
|--|---|------------|------|-----------|------------|------------------------|--|--|---|---|---|-------------------------|--|--|-------------------|---|---|---------------------|-------------------------------|---|-------------|---|---|
| | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| TEIKNFORKLARING ■ - viktig friluftsområde | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| <table border="1"> <thead> <tr> <th>Tema</th> <th>Vurdering</th> <th>Konsekvens</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td colspan="3">KLIMA OG ENERGI</td></tr> <tr> <td>Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk</td><td>I hovudsak bilbasert. Ca. 800 m til butikk og 1 km til skule. Samordning med eks. bustadområde.</td><td>+</td></tr> <tr> <td colspan="3">HELSE OG SAMFUNN</td></tr> <tr> <td>Samfunnstryggleik</td><td>I følgje ROS-analysen ligg arealet utanfor kjende risikotilhøve, bortsett frå mulig rasfare (jord/stein/snø). Utifrå lokal-kunnskap vert området ikkje vurdert som rasutsett frå snø-skred.</td><td>-</td></tr> <tr> <td>Støy og forureining</td><td>Ikkje nær kjende støykjelder.</td><td>+</td></tr> <tr> <td>Friluftsliv</td><td>Berører ikkje vesentleg registrert viktige friluftsområde. Nær gode mulegheiter for variert friluftsliv heile året.</td><td>+</td></tr> </tbody> </table> | | | Tema | Vurdering | Konsekvens | KLIMA OG ENERGI | | | Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | I hovudsak bilbasert. Ca. 800 m til butikk og 1 km til skule. Samordning med eks. bustadområde. | + | HELSE OG SAMFUNN | | | Samfunnstryggleik | I følgje ROS-analysen ligg arealet utanfor kjende risikotilhøve, bortsett frå mulig rasfare (jord/stein/snø). Utifrå lokal-kunnskap vert området ikkje vurdert som rasutsett frå snø-skred. | - | Støy og forureining | Ikkje nær kjende støykjelder. | + | Friluftsliv | Berører ikkje vesentleg registrert viktige friluftsområde. Nær gode mulegheiter for variert friluftsliv heile året. | + |
| Tema | Vurdering | Konsekvens | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| KLIMA OG ENERGI | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | I hovudsak bilbasert. Ca. 800 m til butikk og 1 km til skule. Samordning med eks. bustadområde. | + | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| HELSE OG SAMFUNN | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Samfunnstryggleik | I følgje ROS-analysen ligg arealet utanfor kjende risikotilhøve, bortsett frå mulig rasfare (jord/stein/snø). Utifrå lokal-kunnskap vert området ikkje vurdert som rasutsett frå snø-skred. | - | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Støy og forureining | Ikkje nær kjende støykjelder. | + | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |
| Friluftsliv | Berører ikkje vesentleg registrert viktige friluftsområde. Nær gode mulegheiter for variert friluftsliv heile året. | + | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | | |

| | | |
|---|--|---|
| Barn og unge | Ikkje registrert viktige verdiar. | 0 |
| MILJØ | | |
| Naturmangfald | Ikkje kjende registreringar som kan gi konflikt. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Det er ikkje registrert kulturminner innanfor arealet. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Området ligg utanfor kjerneområde landbruk. | 0 |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Må vurderast av utbyggjar. Ev. tilkopling til felles avløpsanlegg for eksisterande bustadfelt, ev. etablering av nytt. Relativt nær god sjøresipient. Vassforsyning frå Hundeidvik vassverk. Ikkje g/s-veg, men liten trafikk. | 0 |
| Sol, lokalklima, utsikt | Sørvest-vendt hellande terreng. Gode utsikt og gode soltilhøve. | + |
| <p>Avbøtande tiltak: Muleg rasfare må utgreiast i samband med detaljregulering.</p> <p>Konklusjon: Området utgjer ei naturleg forlenging av eksisterande bustadfelt. Det knyter seg ikkje kjende konfliktar til området. Arealet vert teke foreslått lagt ut som byggeområde.</p> | | |


BU 8 Brunstad II

Eigedom: 32/1

Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF-område

Planlagt ny arealbruk: Bustad

Areal: ca. 15 daa

TEIKNFORKLARING

- Ingen registrering



| Tema | Vurdering | Konsekvens |
|---|---|------------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | I hovedsak bilbasert. Ca. 200 m til butikk og 1,5 km til skule. Ved eksisterende klyngje i Velledalen. | + |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Behov for flaumsikring må vurderast i detaljplan. Elva er forbrygd på strekninga. Areal stort sett utanfor fare for snøskred og steinsprang. | - |
| Støy og forureining | Ikkje støyutsett eller registrert forureining i området. | + |
| Friluftsliv | Berører ikkje registrert viktige friluftsområde. Nær gode turmulehøyer i Brunstaddalen/Velleseterdalen med opparbeidd turstinett. Lakseførande elv. | + |
| Barn og unge | Ikkje kjende registreringar i området. | 0 |
| MILJØ | | |
| Naturmangfold | Ikkje kjende registreringar i området. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrert kulturminner i området. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Utanfor kjerneområde landbruk dyrkjord. Innanfor kulturlandskapsområde, men passer inn i eks. struktur. | 0 |
| LOKALE TILHØVE | | |

| | | |
|--|---|-----|
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Vegtilkomst gjennom eksisterende vegnett. Privat vann og kloakk. Ikke gang-/sykkelveg, men lite trafikkert. | +/- |
| Sol, lokalklima, utsikt | Midt i dalen, ope område | + |
| Avbøtande tiltak: Krav om detaljregulering med nærmere utgreiing om flaumfare og rasfare. | | |
| Konklusjon: Areal sentralt i dalen ved eksisterende bustadklynge. Ei utviding her vil vere ei naturleg utviding av eksisterande busetnad. | | |

| BU 9 Gjevenes/Hundeidvik | Bastian Hundeide, Gjermund Garli | |
|--|---|------------|
| Eigedom: 56/3; 57/2, 57/5 (nytt område etter 1. høyring) | | |
| Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF-spreidd/Skogsmark | | |
| Planlagt ny arealbruk: Bustad | | |
| Areal: 21 daa | | |
| | | |
| Tema | Vurdering | Konsekvens |
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | Mest bilbasert trafikk. Avstand til barneskule ca. 2,5 km, butikk ca. 1,8 km og ca. 5,4 km til barnehage. Fortetting av eks. busetnad. Samlokalisering med småbåthamn og naustområde. | + |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Ligg innanfor rasfarlege område. Ikke andre registrert risiko, jf. ROS-analysen. | - |
| Støy og forureining | Ikkje støyutsett eller registrert forureining i området. | + |
| Friluftsliv | Nær gode mulegheiter for friluftsliv i fjell og på sjø. Ikkje registrert bruk av området i friluftssammenheng. | + |
| Barn og unge | Ikkje kjende registreringar i området. | 0 |
| MILJØ | | |
| Naturmangfold | Ikkje registrerte verdiar i området | 0 |

| | | |
|--|--|---|
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrert fornminne eller kulturminne i området. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Skogsmark. Utanfor kjerneområde landbruk. Lokalisering ved utbygd området. Passer inn i eks. busetnadstruktur. | + |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Privat vassforsyning og avløpsordning. Tilkomst frå Fv 71. Fylkesvegen er blindveg med kun lokal trafikk. Uten gang-/sykkelveg, men lite trafikkert pga. blindveg. | |
| Sol, lokalklima, utsikt | Nordvestvendt. Hellande terrenget, solrikt, god utsikt | + |
| Avbøtande tiltak: Muleg rasfare må utgreiast i samband med detaljregulering. | | |
| Konklusjon: Nær eksisterande busetnad. Ikkje konflikt med vesentlege naturverdiar eller ålmenne interesser. Området vert teke inn i plan. | | |


BU10 Hundeidvik Helge Overå – Tore Utgård

Eigedom: 54/21 og 54/32 (nytt område etter 1. høyring)

Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF-spriedd-skog

Planlagt ny arealbruk: Budstad

Areal: ca. 10 daa



| Tema | Vurdering | Konsekvens |
|---|--|------------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | Fortetting innanfor sentralt liggande areal i Hundeidvik vert sett som positiv. Avstand til barneskule ca. 1,4 km. Kan ev. kortast ned til under 1 km ved etablering av gangveg mot butikk. Avstand til daglegvarebutikk ca. 800 m. Avstand til barnehage ca. 4 km, og til sentrumsfunksjonar ca. 12 km. Ligg også nært ferjekai. | + |

HELSE OG SAMFUNN

| | | |
|--|--|---|
| Samfunnstryggleik | Maksimal oppskyllingshøgd ved ev. ras frå Åknes berekna til 2 m (største scenario). Ligg utanfor denne sona. Elles ikkje registrert risiko jf. ROS-analyse. | + |
| Støy og forureining | Nær eksisterande industribedrift. Industristøy kan pårekna. | - |
| Friluftsliv | Nær gode friluftsmulegheiter. Ikkje registrerte friluftslokalitetar i området. Ligg innanfor strandsona men sona har mindre kvalitet pga. veg. | + |
| Barn og unge | Ikkje registrerte konfliktar. Nært barneskule. | + |
| MILJØ | | |
| Naturmangfald | Ikkje konflikt med registrerte førekomstar/lokaltetar. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrerte fornminne eller kulturminne i området. | 0 |
| Jordvern og kulturlandskap | Skogareal. Ikkje konflikt med kjerneområde landbruk. Passer inn i eksisterande bygdestruktur. | + |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Eksisterande vassforsyning frå Hundeidvik vassverk. Privat avløpsanlegg må etablerast. Gode resipienttilhøve. Tilkomst frå kommunal veg. | + |
| Sol, lokalklima, utsikt | Vestvendt, hellande terregn, solrikt. | + |
| Avbøtande tiltak: Gangveg til butikk bør vurderast i detaljplan. Ev. støy må utgreiaast gjennom regulering. Konklusjon: Området ligg innanfor 100-metersbeltet, men med gjennomgåande komuneveg og eksisterande busetnad i nabølaget. Området er sentralt plassert i Hundeidvik, lite konfliktar og vert vurdert som gunstig for utbygging. | | |

3.2. Vurdering – Fritidsbusetnad


FB 1 Kurset Einar Bueide, sameiget Jomarka v/ Lillian Kurseth

Eigedom: 50/23, 50/24 (utviding mot sør og større avstand til strandline etter 1. høyring)

Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF – Skog

Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustad

Areal: ca. 16 daa




| Tema | Vurdering | Konsekvens |
|---|--|------------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | I hovedsak bilbasert. Tilkomst til kommuneveg (går gjennom eigedomen). Ligg innanfor spreidd bustadområdet. | 0 |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Ikkje vurdert som rasfarleg eller flaumutsett, jf. faresonekart. Stormflo og flodbølgjer kan ha konsekvensar for strandsona (naust/rorbuer). | - |
| Støy og forureining | Ikkje kjende registreringar. Lite trafikk. | + |
| Friluftsliv | Berører ikkje registrert viktige friluftsområde. Badeplass registrert nord for denne eigedomen. Gode mulegheiter for turisme pga. kombinasjon sjø/skog/fjell. Ligg innanfor strandsona. | - |
| Barn og unge | Ingen førekomstar. | 0 |
| MILJØ | | |
| Naturmangfold | Ikkje registret viktige verdiar. Utbygging må tilpassast kulturlandskap. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Gravrøys registrert i området (Riksantikvaren, funn 25623). Det er tatt omsyn til det etter 1. høyring. Avstanden er auka. | 0 |
| Jordvern og kultur- | Utanfor kjerneområde landbruk. Svak landbruksdrift i områ- | 0 |

| | | |
|---|---|---|
| landskap | det. Ikkje negative konsekvensar. Landskapsmessig vil hytter i øvre del av området utgjere ei utfylling av eksisterande spreidd busetnad i området. | |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Ikkje off. avløps-nett. Kort avstand til god sjøresipient. Vassforsyning frå Hundeidvik vassverk. Ingen gang- og sykkelveg, men lite trafikk i området. | - |
| Sol, lokalklima, utsikt | Vestvendt, solrikt, god utsikt. | + |
| Avbøtande tiltak: Før utbygging må omsyn til gravrøysene i området dokumenterast. Riksantikvaren opplyser at røysene er gjengrodde og til dels lite synlege i terrenget. Dei historiske verdiane kan løftast fram som eit pluss for området. Avklaring gjennom detaljregulering. Deling mellom hytteområdet og naustområdet vert vurdert å sikre ålmenn tilgang til strandlinje. Korridoren imellom hyttene og naustrekka er regulert til LNF-føremål. | | |
| Konklusjon: Arealet ligg i eit område der ein generelt har hatt eit positiv syn på utbygging, grunna få konfliktar. Området vert lagt ut som byggeområde. | | |

| |
|---|
| FB 2 Klokk Nils Gunnar Brunstad |
| Eigedom: 65/33 |
| Planstatus/gjeldande arealbruk: LNF – Skog/beite |
| Planlagt ny arealbruk: Hytter/Naust |
| Areal: ca. 40 daa |
|  |
| <u>TEIKNFORKLARING</u> - Ingen registrering |
|  |

| Tema | Vurdering | Konsekvens |
|---|--|------------|
| KLIMA OG ENERGI | | |
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | Bilbasert. 10 km til sentrumsfunksjonar. | 0 |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Ingen kjende risikotilhøve, jf. ROS-analyse og nye aktsomhetskart for steinsprang. | + |
| Støy og forureining | | |

| | | |
|---|--|---|
| Friluftsliv | Berører ikkje registrert viktige friluftsområde. Gode friluftsmuleigheter på land og sjø, heile året. | + |
| Barn og unge | Ikkje i konflikt med barnetrakkregistreringa. | + |
| MILJØ | | |
| Naturmangfald | Del av eit gammalt jordbrukslandskap som vil bli redusert ved inn-grep. Dyrka jorda er i dag ute av drift og til dels gjenstand for att-groing. Ikkje kjende naturressursar i området. Strandsona er innanfor sone tilrettelagt for naust i eksisterande arealplan. | - |
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrerte verneverdige objekt på eigedomen. | + |
| Jordvern og kulturlandskap | Innanfor kjerneområdet landbruk, men utanfor verdifull dyrkjord innanfor denne sona. Bruket har vore ute av sjølvstendig drift i mange år. Arealet har vore nytta som beitemark. Landbruksmessig tap er rekna som marginalt. Ligg i viktig kulturlandskap. | - |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Tilknyting til fylkesveg. Privat vegløsing i området. Nær off. vassforsyning. Privat avløp. Utslepp til sjø muleg. God sjøresipient. | 0 |
| Sol, lokalklima, utsikt | Nordvent, men fritt og med god utsikt. | + |
| Avbøtande tiltak: Krav om detaljregulering. Byggetiltak må tilpassast terreng/kulturlandskap og bør fortættast nært vegen. | | |
| Konklusjon: Området er tenkt nytta til fritidsbustader i øvste del, samt at det vert muleg å sette opp naust ved sjøen. Ein ser få konfliktar med denne bruken. Området vert lagt inn som byggeområde. | | |



| KLIMA OG ENERGI | | |
|---|---|-----|
| Energiforbruk, transportbehov og samordna arealbruk | Ny vegtilkomst planlagt over eigen eideom, men nært fv. Gir også vegutløsing til eksisterende nausttomter. Areal er godt eigna til turisme. Kombinasjon av sjø/fjell gir gode mulegheiter. Alternative til andre næringsverksemder. | + |
| HELSE OG SAMFUNN | | |
| Samfunnstryggleik | Innanfor oppskyllingshøgd frå ev. flodbølgje frå Åknes. Faresone for sikkerhetssklasse 2 er < 1 m (jf. Åknes Rapport 01 2010). Ikkje registrert andre risikotilhøve. | - |
| Støy og forureining | Ikkje kjende registreringar. | 0 |
| Friluftsliv | Berører ikkje registrert viktige friluftsområde. Gode mulegheiter sjø/skog/fjell. Ligg i strandsona. | - |
| Barn og unge | | |
| MILJØ | | |
| Naturmangfald | Ikkje registrert verdifulle ressursar i området. | 0 |
| Kulturminne og kulturmiljø | Ikkje registrerte kulturminne innanfor området. | + |
| Jordvern og kulturlandskap | Utanfor kjerneområde landbruk. Svak landbruksdrift i området. Ikkje neg. konsekvensar. Mindre inngrep i kulturlandskapet pga. ny lokalisering. | + |
| LOKALE TILHØVE | | |
| Teknisk infrastruktur og gang-/sykkelveg | Ikkje off v/a-nett. Privat vassforsyning i området. Kort avstand til god sjøresipient. | 0/+ |
